



No er den åttekanta trelavoen i Skårhaug fullført og den vart innviga tysdag. Det flotte byggverket som ikkje minst Knut Johannes Ripel har vore meister for kjem til erstatning for tøylavoen som bles ned i fleire omgangar.

Ei av nedblesingane skjedde i januar 2006 då det var orkan i kasta hos Ripel.

Lavoen eller kanskje rettare grillhytta er 20 kvadratmeter og det er montert omn og benkar inne. Det har vorte ein verkeleg triveleg stad i eit sentralt liggjande friluftsparadis!

Konklusjonen etter all vinden vart at det måtte satsast på ein meir kraftig konstruksjon på denne utsette plassen, Heldigvis var golvintakt.

Mange har bidrege til byggverket, til dømes Byggeriet, Schat-Harding, Lio, Lions, Kvinnherad Bygg, Ospelunden, Uskedal Utvikling og Uskedal Eigedom.

Det er den kommunale barnehagen som står ansvarleg for trelavoen men den står til disposisjon for heile bygda.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Jon Steinar Vivelid